

Pressemelding frå Stord Næringsråd

«Folk i sentrum prisen 2019»

Svein Olav Brandtzæg Langåker er tildelt «Folk i sentrum prisen», som i 2019 vart delt ut for første gong.

Grunngjeving for tildelinga:

Svein Olav er redaktør i nynorskavisene Framtida.no og Framtida junior. To aviser som som engasjerer og informerer born og unge i viktige samfunnsspørsmål.

Han reiser rundt til skular og lærer elevar å debattera og hjelper dei til å laga debatt over emne dei er engasjerte i.

Svein Olav er aktiv nynorskbrukar, og han er engasjert i at born og unge skal bruke nynorsk.

Svein Olav har eit personleg klimaengasjement og han er også vaksenkontakt for Miljøagentane på Stord.

No i vinter gav Framtida junior ut ei heil avis, der fokus var på klima og miljø.

Han har arrangert fleire møter på biblioteket på Stord for å få ei berekraftig utvikling, mellom anna berekraftveka på Stord i samarbeid med Stord vidaregåande skule, Naturvernforbundet og andre.

I tillegg er Svein Olav søndagsskulelærer i kyrkja, og ei av eldsjelene og deltakarane i andelslandbruket på Lønning.

Om «Folk i sentrum prisen»

Prisen er oppretta av Stord Næringsråd i saman med DNB og arrangementet «Folk i sentrum». Folk i sentrum prisen vart delt ut torsdag 2. mai på torget i Leirvik sentrum. Av ti nominerte var det Svein Olav Brandtzæg Langåker juryen plukka ut som den beste kandidaten. I tillegg til sjølve prisen fekk han også eit diplom med grunngjevinga, og blomar.


Juryen for «Folk i sentrum prisen» har vore; Einar Almås, banksjef DNB, Magne Kydland, redaktør Bladet Sunnhordland, Gaute Epland, ordførar Stord kommune og Anne-Grete Sandtorv, dagleg leiar Stord Næringsråd.

Prisen skal delast ut til ein enkeltperson som i sitt daglege virke har gjort ein skilnad for eit berekraftig samfunn.

Berekraft handlar i kvardagen om å ta medvetne val, som enkeltperson og som del av ein organisasjon eller eit samfunn. I verksemdar og organisasjonar kan ein ha strategiar for samfunnsansvar og berekraft, men til slutt og sist er det enkeltpersonar sine handlingar som utgjer ein forskjell.

Me trur det er viktig å sjå verdien av tankegangen til jenta med sjøstjernene. At verdien av handlingar som viser samfunnsansvar og berekraft vert satt pris på. Med «Folk i sentrum prisen» har me lyst å heidra enkeltmenneske som gjer ein forskjell for eit berekraftig samfunn., seier Anne-Grete Sandtorv i Stord Næringsråd

Sjølve «Folk i sentrum prisen» er eit kunstverk laga av Stordkunstnaren Lena Walton Herfindal, og skal vera eit symbol på at enkeltmenneske gjer ein forskjell og at det er viktig at me set folk i sentrum.



Folk i sentrum prisen



Lena Walton Herfindal

Lena Walton Herfindal arbeider med organisk, intuitiv og abstrakt teikning på materialar som papir, plast, porselen og metall. Arbeida er prosessbasert slik at materiala sine ulike eigenskapar og naturens eigne samanføyningar trer frem. Ho skapar rommelege strukturar gjennom å kopla arbeida opp mot kvarandre og jobba med kontraster i størrelse og form. Arbeida består av mange ulike delar som med tida utviklar seg til å bli større skulpturelle verk. Gjennomgåande i hennar arbeid er den organiske teiknestreken som manifesterer seg i dei ulike materiala.

Om kunstnaren: Lena Walton Herfindal vaks opp på Stord og er i dag busett i Oslo. Ho gjekk på Solborg Folkehøgskole i 2005/2006 på Keramikk, Tegning og Maling. Ho tok vidare si kunstutdanning med Kunstfagleg grunnutdanning ved Kunstsolen i Rogaland. I 2014 tok ho Bachelor i visuell kunst, og avslutta med Masterstudium i Medium- og material-basert kunst ved Kunsthøgskolen i Oslo i 2018.

For meir informasjon ta kontakt med; Anne-Grete Sandtorv, dagleg leiar Stord Næringsråd –
mob. 901 45 458

